

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **11. november 2022** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Emly Årvik (A), Marit Hølland Gjedrem (Sp) og Svein Terje Brekke (KrF)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø og seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Oppdragsansv. revisor forvaltning Silje Nygård
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje
ANDRE SOM MØTTE:	Dagleg leiar Elisabeth Brekke Førland, Tysvær Arena Drift AS i sak 25/22
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 24/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20.09.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 20.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.22:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.22:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 20.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 25/22 ORIENTERING FRÅ SELSKAP MED KOMMUNAL EIGARSKAP - TYSVÆR ARENA DRIFT AS

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek dagleg leiar Elisabeth Brekke Førland si utgreiing om selskapet Tysvær Arena Drift AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.22:

Dagleg leiar Elisabeth Førland takka for invitasjonen. Ho har 50 % stilling i selskapet og har også stilling som senterleder ved Aksdal Senter. Eigarane er Tysvær kommune (97 %) og Stegabergh Idrettslag og Haugland Handballklubb. Styret har fire medlemmer, der to er frå kommunen. Hallen/arenaen, som opna i 2009, blir omtala som «Regionens storstue».

På dagtid er arenaen nytta av skulane, og på kveldstid til trening og anna aktiviteter. I tillegg nyttast arenaen til konsertar, idrettsarrangement, julebord, messar og liknande. Det er 4200 publikumsplassar. Talet på besøkande pr. år har vore på rundt 100.000 (før pandemien). Største årlege arrangement er Yrkesmessa som kjem neste gong i september 2023.

Hennar oppgåver er å ta seg av alle bestillingar når det gjeld utleige. I tillegg har ho, saman med vaktmester ansvar for drifta og koordinering av rigging, saman med dei mange frivillige.

Selskapet si økonomi er under kontroll, og det hadde vore pluss i driftsrekneskapen dei siste to åra. Selskapet har positiv eigenkapital. Det blir jobba med nye avtaler opp dei andre eigarane. Rådmannen viste til at bygget gjer at kommunen vil vere dekkja når det gjeld gymnastikkfasilitetar når ny skule på Frakkagjerd skal bli bygd.

Utvalsleiar takka for orienteringa og ønskte ho lykke til vidare.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.22:

Tysvær kontrollutval tek dagleg leiar Elisabeth Brekke Førland si utgreiing om selskapet Tysvær Arena Drift AS til orientering.

SAK 26/22 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN ELLER KOMMUNALE SELSKAP

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

- | | |
|--------------|-----------------------|
| 1. møte 2023 | Aksdal Næringspark AS |
| 2. møte 2023 | |
| 3. møte 2023 | |
| 4. møte 2023 | |

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.22:

Utvalet drøfta ulike tema og selskap. Utvalet var samd i at for 4. møte, som vil vere det fyrste møtet for nytt utval, er det ikkje trong for å setje opp tema/selskap. Utvalet blei samd i sette opp to tema, i tillegg til Aksdal Næringspark AS: ei orientering om omstillingsprogrammet TK-2030 og innføring av velferdsteknologi i TK. Rådmannen meinte valte tema var aktuelle, og ville stille sjølv eller med aktuell medarbeidar for å orientere.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.22:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

- | | |
|--------------|-------------------------------|
| 1. møte 2023 | Aksdal Næringspark AS |
| 2. møte 2023 | Omstillingsprogrammet TK-2030 |
| 3. møte 2023 | Velferdsteknologi |

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 27/22 HANDTERING AV HENVENDINGAR TIL UTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval har drøfta innhaldet i FKT sin rettleiar om handtering av henvendingar og vedtar å behalde tidlegare praksis at avsendar får eit førebels svar og at henvendinga vert lagt fram for utvalet som referatsak i det fyrstkommande møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.22:

Utvalsleiar innleia. Han meinte det var viktig med gode rutinar når nokon har noko kritikkverdig dei vil gjere utvalet merksam på. Han ønskte difor at utvalet ved eit seinare høve ville vurdere rutinane igjen, spesielt når det gjaldt handtering av munnlege henvendingar. Han gjorde følgjande framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til drøfting av den framlagde saka frå sekretariatet og tar denne til foreløpig orientering. Utvalet finn at det kan vera grunnlag for å endre rutinane i tråd med dei anbefalte retningslinene, og vil vurdere dette ved eit seinare høve.

Utvalet støtta hans framlegg. Vidare var dei var svært nøgd med at rådmannen stilte i møta, slik at utvalet kunne få rask tilbakemelding på sine spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.22:

Kontrollutvalet viser til drøfting av den framlagde saka frå sekretariatet og tar denne til foreløpig orientering. Utvalet finn at det kan vera grunnlag for å endre rutinane i tråd med dei anbefalte retningslinene, og vil vurdere dette ved eit seinare høve.

SAK 28/22 VAL AV FORVATNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2023

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om” til neste møte på nyåret 2023.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.22:

Utvalsleiar gjorde framlegg om at neste prosjekt blir innan tema «Beredskap, hendingar og katastrofar». Det med bakgrunn av dagens verdssituasjon, med mellom anna at det er innført forsterka vakthold ved Kårstø, og at eit slikt prosjekt er sett opp med prioritet nr 1 i vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024.

Utvalet støtta leiar sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.22:

Tysvær kontrollutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Beredskap, hendingar og katastrofar” til neste møte på nyåret 2023.

SAK 29/22 MØTEPLAN FOR 2023 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2023:

tysdag 14. februar, 9. mai, (13. juni), 26. september og 28. november kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.22:

Utvalet drøfta endra møtetidspunkt etter innspel frå leiar, men blei samd i å halde fram med kl. 18.00 også neste år.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.22:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2023:

tysdag 14. februar, 9. mai, (13. juni), 26. september og 28. november kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 30/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.11.22

42. Statusrapport pr. november 2022

43. Løypemelding om forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tidleg innsats» (munnleg)

44. Anbud365 – 26.09.22 - KOFA-vedtak nullet ut gebyrvedtak etter klage frå TK
45. Protokoll – generalforsamling i Tysvær Arena Drift AS 29.06.22
46. Innkalling til ekstr.ord. generalforsamling 26.10.22 (Teams) – Haugaland Kraft AS
47. Innkalling til representantskapsmøte 23.11.22 – Haugaland brann og redning IKS
48. Innkalling til representantskapsmøte 30.11.22 – Haugaland Interkom. Miljøverk IKS
49. Innkalling til representantskapsmøte 09.12.22 – Haugaland Vekst IKS
50. Kom. Rapport - prof. Bernt: Forfall til et fysisk møte kan ikke erstattes med Teams
51. Invitasjon – Kontrollutvalskonferansen til NKRF 01.-02.02.23 – påmeldingsfrist des.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.22:

Forvaltningsrevisor Nygård gjorde greie for arbeidet med bestilt forvaltningsrevisjon med oppfrisking av problemstillingane, om metodebruk som intervju og spørjeundersøking og deira førebels funn.

NKRF vil ha sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen på nyåret. Det er venta stor pågang etter to år med digitale konferansar. Påmeldingsfrist er i desember. Utvalet hadde ulike meiningar om nytten av å møtast fysisk. Program vert sendt ut til utvalet og dei meld si interesse til utvalsleiar. Elles ikkje merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.22:

Referatsakene nr 42 – 51 blir tatt til orientering.

EVENTUELT

Siste møtet for Hallsjø

I høve at det var dagleg leiar sitt siste møte som møtesekretær, etter snart 15 år og 62 møte for Tysvær, overrekte utvalsleiar blommar frå Tysvær kommune. Han takka henne for hennar arbeid i sekretariatet opp mot utvala i dei siste fire valperiodane og deira samarbeid dei tre siste åra, og ønskte ho lykke til som pensjonist på nyåret.

Dagleg leiar takka og informerte at styret i HKS IKS har tilsett seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie som ny dagleg leiar. Som ny rådgjevar er Sjur Kristian Hatlen tilsett og han vil begynne i stillinga medio januar.

Neste møte: tysdag **14. februar** 2023, kl. 18.00

Saker: Orientering om Aksdal Næringspark AS, forvaltningsrevisjonsrapport «Tidlig innsats i barnehage og skule», prosjektmandat til forvaltningsrevisjon om beredskap, hendingar og katastrofar

Aksdal, 8. november 2022

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær